

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Stryn vidaregåande skule</b>
<b>Møtedato</b>	<b>15.09.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 14:30</b>

**Faste medlemer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet,

Bente Underthun

**Forfall til møtet:** Wenche Røkenes, Magnus Strand

**Varamedlemer til stades:** Anita Æsøy

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 6. juni vart godkjend utan merknader.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk omvising på Stryn vidaregåande skule og informasjon om velferdsteknologi av Liv Elisabeth Rygg og Hege Bjørlo Sandbakk. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Stryn (helse og oppvekst) og Eid (dataelektronikar) vidaregåande skule, og Energikompetansesenteret på Eid, med opplæring knytt til velferdsteknologi. Dette er noko heilt nytt innan vidaregåande opplæring, der tanken er at dei som tek vidaregåande opplæring får eit innblikk og kunnskap om velferdsteknologi før dei går ut i læretida. Hittil har det kun vore utdanning innan velferdsteknologi på høgskule-nivå. Gjennom dette samarbeidet får ein til utveksling av idèar og kunnskapsutveksling, der elevane ved dei to skulane møtast ved jamne mellomrom. Samarbeidsprosjektet har òg eit godt samarbeid med Stryn kommune. Velferdsteknologi skal vere ein ekstra ressurs, som ikkje skal erstatte den menneskelege kontakten, men setje brukaren i sentrum, vere ein ekstra ressurs og skape trygghet og fridom.

I etterkant av omvisinga og informasjonen var det erfaringsutveksling mellom fylkesrådet og det kommunale rådet i Stryn. Fylkesrådet var særst nøgd med informasjonen og omvisinga på Stryn vidaregåande skule.

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

**Meldesak 1) Resolusjon frå FFO Sogn og Fjordane sitt årsmøte 2016**

«FFO - Talsmann for menneske med kronisk sjukdom og nedsett funksjonsevne. FFO Sogn og Fjordane er ein samanslutnad av om lag 42 medlemsorganisasjonar. FFO arbeider med saker som gjeld med menneske med sjukdomar og nedsett funksjonsevne. FFO er deira talsmann overfor styresmaktene.

FFO påverkar utvikling av tenester som blir gitt folket frå HELFO, NAV, skule og arbeidsplassar, spesialisthelsetenester og kommunar. Der den enkelte opplever å ikkje nå fram med sine krav, eller opplever at regelverket ikkje tar vare på deira behov, kan slike saker takast opp gjennom brukarorganisasjonar og FFO.

Ved å engasjere seg i sin brukarorganisasjon kan dei medverke til å betre levekåra også for andre menneske. Årsmøtet 2016 for FFO ønskjer at enno fleire vel å engasjere seg i eit viktig arbeid for solidaritet og likeverd uavhengig av funksjonsevne. FFO sitt arbeid er viktig for dagens brukarar, men det påverkar og framtidige haldningar og tilbod til denne gruppa».

Kommentar: Fylkesrådet støttar opp om resolusjonen til FFO, og takkar for informasjonen.

**Meldesak 2) Landskonferanse 2017**

Sogn og Fjordane har saman med Hordaland og Rogaland starta på eit arbeid saman, med å arrangere landskonferansen 2017. Landskonferansen vil verte i Sandnes 31.10.17 – 01.11.17. Innspel til tema på konferansen.

Kommentar: Fylkesrådet stiller seg positive til å vere med som arrangørfylke. Tema Sogn og Fjordane vil spele inn til programmet på landskonferansen:

- Universell utforming – informasjon frå Difi som har ansvar for tilsyn
- Fylkesatlas
- Velferdsteknologi – samarbeidet mellom Stryn og Eid vidaregåande skule
- Tilrettelagte arbeidsplassar
- Inkludering og oppvekst – med fokus på skule og barnehage

**Meldesak 3) Læringsnettverk plan – invitasjon frå fylkesmannen**

Fylkesmannen skal ha tre regionvise dagsamlingar med kommunane i september 2016. På desse samlingane skal universell utforming og medverknad i kommunale planprosessar for personar med nedsett funksjonsevne vere tema på første delen av møtet. Programmet er på plass, og KMD blir med for å snakke om det nemnde temaet. Sjå vedlagt program for samlinga som skal vere i Solund (for HAFS/Sunnfjord) 15. september. Tilsvarande samlingar skal vere i Selje kommune (for Nordfjordregionen) den 22. september og i Leikanger kommune (for Sognregionen) truleg den 26. september. KMD blir med på den første og siste samlinga.

Det er førespurnad om ein frå fylkesrådet i tillegg til sekretær har høve til å vere med på samlinga i Leikanger 26. september. Det er del ein i programmet som er mest aktuelt for fylkesrådet å delta på.

Kommentar: Erlend og Bente gjev tilbakemelding til sekretær innan måndag 19. september om dei har høve til å møte den 26. september.

**Meldesak 4) Ymse**

E-post frå UPU der dei stilte seg positiv til samarbeid med fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Informasjon frå FFO om at Blindeforbundet er ein pådrivar for at fylkeskommunen skal ha fleire midlar å dele ut (TT-ordninga). Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk avslag på sin søknad til

samferdsledepartementet, om auke av midlar til TT-ordninga. Fylkesrådet tek dette opp som sak på møte i november.

Neste møte vert 23. november på Fylkeshuset.

**SAK 12/16 Brukarutval i Sogn og Fjordane - oppnemning av personar frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Sekretæren rår fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til å gje slik gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om at det for perioden 2017 – 2018 vert valt varamedlem til brukarutvalet i Sogn og Fjordane slik:

Varamedlem: .....

Endringsframlegg:  
Erlend Haugen Herstad

**Avrøysting:**  
Forslaget vart samrøystes vedteke

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til å gjer slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om at det for perioden 2017 – 2018 vert valt varamedlem til brukarutvalet i Sogn og Fjordane slik:

Varamedlem: Erlend Haugen Herstad

-----

**SAK 13/16 Kostnadsreduksjonar samferdsle 2017 - 2019. Innspel frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.**

**Uttale vert formulert i møte 15. september**

**Endringsframlegg:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det er viktig med gode transportvilkår. Difor er det viktig at vi ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i fylket. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Det er særleg viktig at vedlikehaldet på gang- og sykkelveggar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle, og det er eit godt folkehelseiltak. Busstoppa må så langt som råd vere på stader der ein kan ivareta universell utforming.

**Avrøysting:**

Samrøystes vedteke

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det er viktig med gode transportvilkår. Difor er det viktig at vi ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i fylket. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Det er særleg viktig at vedlikehaldet på gang- og sykkelveggar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle, og det er eit godt folkehelseiltak. Busstoppa må så langt som råd vere på stader der ein kan ivareta universell utforming.

-----

**SAK 14/16 Strategisk plan for kysten 2017 - 2025. Innspel frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Uttale vert formulert i møte 15. september.**

**Endringsframlegg:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretekne. Det er viktig med brukarmedverknad gjennomgåande i heile prosessen. Vi er oppteken av at planen i alle fasar tek i vare universell utforming.

**Avrøysting:**

Samrøystes vedteke

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretekne.

Det er viktig med brukarmedverknad gjennomgåande i heile prosessen. Vi er oppteken av at planen i alle fasar tek i vare universell utforming.

-----

**SAK 15/16      Skriv og melding. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 15. september 2016**

**Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**

**Avrøysting:**  
Samrøystes vedteke

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
  - 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
-